

# Årsfest ved Hildre Montessoriskule

I tradisjon tru inviterte Hildre Montessoriskule til Årsfest, torsdag 30. mars. Langt over 200 møtte fram til festen og fekk i tillegg til brennsnut og «Sunnmørsk kakebord» servert eit forrykande show med sang, dans, eksperiment, dikt og vitseforteljning. Dette levert av dei dyktige elevane ved skulen.

Konferansierar for kvelden var Daniel Vambeseth og Fillip Rogne.

Elevane stilte ut arbeid dei har gjennomført siste månadane og selde påskepynt. I utstillinga kunne gjestane sjå på kunstverk, spennande bøker og fine veggaviser elevane skapte under eit stort tverrfagleg prosjekt «Urfolk i verda». Det var presentert urbefolkning frå Nord Amerika og Oceania.

Skulen takkar FAU og den flotte foreldregruppa som stilte med kaker til kakebordet.

